



Workshop i dokumentasjon og demontering av stovebygning

Ons -fre 5.-7. mai 2010, Dyrdal

Kva er det som er viktig når ei eldre bygning skal takast ned og tømmer byttast ut? Nærøyfjorden Verdsarvpark arrangerer ei samling for å formidle praktisk kunnskap om dokumentasjon og demontering av eldre bygningar som skal restaurerast.

Samlinga tek utgangspunkt i Skogastova, som ligg ovanfor den vakre grenda Dyrdal i hjartet av Nærøyfjorden, i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap. Den 172 år gamle stova skal demonterast og flyttast til Flåm for restaurering, og er godt eigna som objekt for formidling og læring. (Stoverommet er tømra, forrommet bygt i reisverk med tømra røst. Tørrmuren som ho står på er no delvis sammenrast.)

Hovudinnhald i samlinga:

1. Sjå på verktøyspor, byggjemåte, og historie.
2. Føreta oppteikning og merking av viktige høgder på tømmeret. Generell oppmålingsteknikk.
3. Ta ned bygninga, merke og dokumentere spor undervegs.
4. Fototeknikk.
5. Skildre arbeidet og funn av spor og detaljar i ein tekst- og fotorapport.

Blir det tid til overs vil vi gå igjennom tilstands- og kostnadsberekningar av antikvarisk bygg, m.a. til bruk i søknader om støtte, og elles sjå på døme på arbeidsrapportar til det daglege arbeidet.

Målgruppa for samlinga er handverkarar, eigarar av gamle hus, arkitektar og andre med interesse eller nytte av dokumentasjonskunnskap i teori og praksis.

Samlinga vil være ein stad å læra av kvarandre og ansvarlig vil være Magnus Wammen Restaureringshandverkar i Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Skogastova ligg på Skogane, ein god halvtimes gange frå Dyrdal, som ein kun kjem til med båt (fleire daglege ferjeanløp). Gratis overnatting i den gamle skulestova nede i Dyrdal, men og moglegheit for leigd innkvartering. Mat/ drikke må kursdeltakarane halde sjølv. Enkelt kjøkken i skulehuset.

Inga kursavgift.

Maks 8 deltakare.

For meir informasjon og påmelding:

Magnus Wammen Tlf. 97 75 66 71 eller

Epost: magnus@naroyfjorden.no



Arbeidsplan:

Onsdag. 05.05.

Kl.10.00 Oppmøte Gudvangen, ferje ut fjorden.

Orientering om stova og plassen Skogane, sjå på bygninga.

Kl.12.00 Lunsj på plassen

Sjå på verktøyspor og byggjemåte.

Begynne arbeidet med å vatre opp bygninga, merke og dokumentere, teikne enkle skisser over fasader.

Enkelte kan gjere ei målfast dokumentasjonsteikning i M1:20 om ønskjeleg.

Kl. 18.30 Middag og sosialt samver i Dyrdal.

Torsdag 06.05.

Kl.07.30 Frukost

Merke alle bygningsdelar og teikne dei inn i skisse.

Kl.12.00 Lunsj på plassen

Fotografere, heilskap, veggseksjonar og detaljar. Lage fotoliste/fotohenvisning

Begynne demontering, og opplagring på strø.

Kl.18.30 Middag og informasjon om ulike støtteordningar innan bygningsvern.


Fredag 07.05.

Kl.07.30 Frukost


Fortsette demontering, rapportskriving. Tilstands-/tiltaksskildring og kostnadsberekning av restaurering av bygg.

Kl. 14.00 Heimreise

(Med atterhald om endringar)



Detaljtekning glas M1:5



Plan med målsettjing M1:20